



Kriterier og veiledning til søknad om parkeringskort for forflytningshemma (parkeringsløyve)

Forflytningshemma sjåfør

For å søke parkeringsløyve må du:

- Ha legeerklæring som dokumenterar at du ikkje kan gå eller har store vanskar med å bevege deg over lengre avstandar.
- Kunne dokumentere eit særleg behov for å nytte parkeringsløyve anten ved bustad, arbeid, eller i høve regelmessig, medisinsk behandling.

Bruk av parkeringsløyve:

Kortet skal ligge godt synleg bak frontruta for kontroll.

Parkeringsløyve er personleg og kan ikkje nyttast av andre enn kort innehaver.

Parkeringsløyve gjeld deg som person, ikkje bilen, og eigar av kortet må alltid vere med i bilen.

Misbruk kan føre til inndraging av kort.

Parkeringsløyve må leverast inn når du ikkje lenger disponerer bil, eller når dei forhold som låg til grunn for tildelinga, ikkje lenger er oppfylt. Kortet må og leverast inn når kortet ikkje lenger er gyldig.

Tapt eller stjålet kort meldast til politiet. Kopi av tapsmelding/anmelding og nytt bilete leverast til Sørviskontoret.

Parkeringsløyve kan nyttast:

- I heile Noreg
- I utlandet i den utstrekning det enkelte land fastsett
- På offentlege ordinære reserverte parkeringsplassar for forflytningshemma
- Fritak i enkelte bompengeringer i Noreg

Parkeringsløyve kan ikkje nyttast:

- I strid med vegtrafikklova, trafikkreglar og skiltreglar
- På plassar reservert for andre brukergrupper
- På private parkeringsplassar eller i private parkeringshus – her må ein vere merksam på egne reglar; det er ikkje automatisk fritak frå betaling og maks parkeringstid

Informasjon om tildeling, kven blir prioritert og kva blir vektlagt:

Parkeringskort for forflytningshemma er eit knapphetsgode. Søkarar med begrensa gangemne og eit reelt parkeringsproblem i høve bustad, arbeid og behandling blir prioritert ved tildeling. Dei med *rullestolheis eller rampe* i bilen blir prioritert. Etter forskrifta skal behov for parkeringslette i høve *arbeid eller bustad* bli vektlagt. I tillegg er det klart at det med «anna aktivitet» meinast søkarar som er *hyppig på helserelaterte besøk*, der det er vanskeleg å parkere.

Vurderinga vert gjort på bakgrunn av dei medisinske vurderingar frå legen og behovet som du sjølv oppgjer.

Det er ikkje tilstrekkeleg at legen anbefalar innvilgning av parkeringsløyve. Legeerklæringa dannar kun det medisinske grunnlaget for vurderinga. Merk at forskrifta stiller to likeverdige krav: ved sidan av å ikkje kunne gå eller å ha vanskar med å bevege seg over ein viss lengde (medisinsk begrunna og dokumentert med legeerklæring), må søker og ha eit *særleg behov* for parkeringslette.

Ved vurdering av «særleg behov» for parkeringslette, har vegdirektoratet uttalt at det skal sjåast på:

- Dei konkrete stader søkar må oppsøke
- Om dei ordinære plassane ikkje kan nyttast
- Kor hyppig søkar har dette behovet
- Om problemet kan løysast på anna måte

Det skal spesielt vektleggast dersom søkar har parkeringsproblem ved bustad, arbeid/skule og naudsynt aktivitet, herunder medisinsk behandling og oppfølging.

Handling, sosiale aktiviteter og problematikk knytt til bering gir i seg sjølv ikkje rett til parkeringstillatelse.

Kven blir ikkje prioritert:

Parkeringsløyve blir ikkje tildelt søkarar som kun enkelte gongar har behov for parkeringslette, dei som primært har behov i høve handling og sosiale aktivitetar, dei som i hovudsak kan nytte ordinære parkeringsplassar eller dei som har andre alternative løysningar.

Forflytningshemma passasjer

Det skal mykje til før det blir gitt parkeringsløyve til passasjer. Passasjerens behov kan takast vare på gjennom av- og påstigning og at førar så parkerer bilen på ordinær plass. Der det er naudsynt kan passasjer bli fulgt heilt inn til bestemmelsesstaden (til dømes venteværelset) før sjåføren går ut og flyttar bilen.

Sjølv om det kan virke tungvint for familie og faste omsorgspersonar til forflytningshemma å måtte flytte bilen når det fins ein ledig plass for forflytningshemma, er det dette som er føringane. Dette for å ta i vare forflytningshemma sjåfør, som vil vere i ein vanskelegare situasjon og kanskje ikkje få utført sine gjeremål dersom spesialplassane er oppteken av bilar med funksjonsfriske førarar.

Parkeringsløyve til søkarar som er passasjer tildeles i dei tilfeller der vedkomande vanskeleg kan forlatas utan tilsyn, sjølv for kortare tid. Til dømes sterkt psykisk utviklingshemma, barn i ein viss alder og andre som ikkje kan ta vare på seg sjølv. Då må dette framgå i legeerklæring og søknad.

Søknaden

Ein søknad skal innehalde:

- Ferdig utfylt søknadsskjema
- Legeerklæring
- Kopi av gyldig førerkort om du søker som førar
- Kopi av ID-kort om du søker som passasjer
- Bilete i passfotostørrelse

Dette gjeld både deg som søker for fyrste gong, og for deg som søker på nytt.

Legeerklæring: Legeerklæringa skal vere utfylt med opplysningar om din medisinske situasjon, diagnose, samt kor mange meter du er i stand til å gå med og utan hjelpemidlar, og om du bruker krykker, stokk, rullator eller rullestol. Legeerklæringa danner det medisinske grunnlaget for vurderinga.

Søknaden: Det er i sjølve søknaden du må få fram opplysningar som seier at du har eit særleg behov for parkeringslette. Det vil seie at du må beskrive kvifor det ordinære parkeringstilbodet på stadane du ofte besøker ikkje kan nyttast. Tenk nøye igjennom:

- Kvar har du problem med å parkere, og kor ofte er du der? Stedsnamn/gateadresse må førast opp.
- Kvifor er det vanskeleg å parkere der?
- Kva slags parkeringsplassar fins der?
- Kva er det som gjer at du ikkje kan nytte dei ordinære plassane?
- Er du ofte til behandling, opptrening eller hos lege, så legg ved dokumentasjon på dette.